

Aktivitatar første semester 2025

«Digital inclusion in Europe» er ei fireårig programsatsing på digital inkludering. Prosjektet er skreddarsydd for det som internasjonalt, nasjonalt og regionalt er trekt fram som den heilt sentrale utfordringa med digitaliseringa av samfunnet: store grupper i befolkninga heng ikkje med i den digitale utviklinga.

21. mai 2025: Kick-off meeting Digin Europe.

15. september 2025: Agenda Vestlandet, Finance Innovation og Vestland fylkeskommune inviterer til "Tech for alle 2.0" - ein fagdag om digital inkludering!

17-19. september 2025: DiginWeek 1 – Bordeaux

27-28. oktober 2025: Trygg digital veiledning i en utrygg verden. Erfarings-samling om digital inkludering. Lillestrøm.

30. oktober 2025: DiginEurope-samling for nettverket i Vestland

4. november 2025: Møte i referansegruppa for DIGcapabilities-prosjektet.

28. november 2025: Finance Innovation etablerer ressursgruppe for digital inkludering.

11. desember 2025: Digital inkludering Østfold.

Nyheitsbrev – Januar 2026



Første samling med EU-partnarane

Frå 17. til 19. september møttest alle Digin Europe-partnarane i Bordeaux for første gang. Mesteparten av arbeidet i prosjektet kjem til å skje i det lokale nettverket Vestland, men ein gong i halvåret møttest partnarane for å dele erfaring, utveksle god praksis, lære av kvarandre, og byggje sterkare regionale planar for digital inkludering. Sjølv om mykje av samarbeidet i prosjektet på EU-nivå er digitalt, er det viktig å treffast og bli godt kjende med kvarandre. På den første samlinga vart det stadfesta tre viktige prinsipp for det vidare samarbeidet:

- Folk i sentrum - teknologi er berre verdifull når den er nyttig.
- Forstå behov - tiltak må svare på realitetane til målgruppene
- Stol på lokale nettverk - lokale partnarar er heilt sentrale for å nå og engasjere lokalsamfunn

Vi arbeidde òg med Bordeaux Metropole og Badajoz provinsråd sine fagfellevurderingar: korleis nå nye målgrupper som slit med digital utfordringar, med fokus på unge menneske, og korleis nå eldre i rurale område. Prosjekt har ambisjonar om å påverka både EU sin politikk på området, og regionale planar i kvar einskild region.



<https://www.interregeurope.eu/digin-europe>

Digin Europe-prosjektet

Prosjektet samlar erfaringar og synspunkt frå partnerar i Bordeaux Métropole (Frankrike), Attika (Hellas), Podkarpacie-regionen (Polen), Zenica-Doboj (Bosnia-Hercegovina), Badajoz-provinsen (Spania) og Vestland fylke (Noreg)

Målsetjinga er å gjera regional politikk og planprosessar meir innovative og effektive når det gjeld digital inkludering

Økonomi

- Totalbudsjett er €1,467,434 over fire år (17.6 mill. kr).
- Vestland fylkeskommune bidrar med €99,575, eller 1.2 mill. kr i tilskot og arbeid.
- Interreg Norge bidrar med 1.2 mill. kr i tilskot frå Kommunal- og distriktsdepartementet

Nettverket i Vestland

Agenda Vestland
Austevoll kommune
Bergen kommune
Digitaliseringsdirektoratet
Finance Innovation
IT-forum Vest

KS

LO

NAV

NHO

NORCE Research

Region Nordhordland IKS

Sunnfjord kommune

Øygarden kommune

Vestlandsforskning

Vestland fylkeskommune

- Næring, plan og innovasjon
- Folkehelse og integrering
- Digitalisering
- Bibliotekutvikling
- Kompetanse

Samarbeidsaktører og nettverk i Vestland

Lokale interessentar og samarbeidspartnarar spelar ei avgjerande rolle i å forme resultatene DiginEurope. Ved å samarbeide tett med offentlege styresmakter, utdanningsinstitusjonar, offentlege bibliotek, ideelle organisasjonar og bedrifter, er det ei målsetting å sikre at strategiar for digital inkludering vert tilpassa lokalsamfunn og får gjennomslagskraft. I tillegg styrkar denne samarbeidsmåten sambandet mellom europeiske ambisjonar og lokal gjennomføring.

I prosjektperioden skal kvar region samla innspel og erfaringar frå eit fagleg forum som på ulike måtar jobbar med digital inkludering. Vestland fylkeskommune inviterte til den første fagsamlinga om digital inkludering 30. oktober.

På samlinga vart det informert om DiginEurope-prosjektet, samt korte innlegg om e-helse, ungt utanforskap og digital kompetanse. I tillegg var det gruppearbeid om tema som:

- Korleis auke den digitale kompetansen til dei eldre i samfunnet?
- Korleis nå ut til ungdom, flyktningar og arbeidsinnvandrarar?
- Korleis auke tilgangen til arbeidsmarknaden ved hjelp av digital inkludering?
- Korleis bruke digital inkludering til å fremja e-helse og digitale velferdstenester?

Innspela frå nettverket i Vestland er delt med dei andre regionane. Vi i Vestland vil i heile prosjektperioden bli utfordra til å koma med synspunkt på korleis dei andre regionane jobbar med digital inkludering, og dei andre regionane vil koma med innspel til korleis vi jobbar med digital inkludering.

Digin Europe er kopla opp mot samarbeidsprosjektet «[Inkludering i Vest](#)», som tek utgangspunkt i eit nasjonalt utfordringsbilette med demografiske endringar, og det at fleire og fleire står utanfor arbeidslivet. Det overordna målet er å auke sysselsetjinga blant grupper som ikkje deltek i arbeidslivet, og å førebyggje utanforskap. Dette prosjektet er eit samarbeid mellom fylkeskommunen, Nav, NHO, LO og KS.



SOCIAL

1,4M
EUR2025
2029<https://www.interregeurope.eu/digin-europe>



Finance Innovation etablerer ressursgruppe for digital inkludering

Digital sårbarheit rammar breitt, og påverkar både unge og eldre, personar med låg språk- og teknologikompetanse, funksjonsnedsette, og grupper med innvandrabakgrunn.

- Digital inkludering i finansbransjen er avgjerande fordi tilgang til trygge og forståelege finansielle tenester er ein føresetnaden for å delta fullt ut i samfunnet. Når éin av fem nordmenn opplever utanforskap i møte med digitale løysningar, risikerer vi at store grupper vert haldne utanfor tenester som er heilt nødvendige i kvardagen, seier Rea Parashar, dagleg leder i Finance Innovation.

- Skal vi lukkast med digital inkludering, må vi løfte utfordringa i fellesskap. Derfor har vi samla ei breitt samansett gruppe som kan bidra med innsikt, erfaring og konkrete løysingar. Ambisjonen er å skape reelle resultat gjennom samarbeid, seier Simen Armond, prosjektleiar for digital inkludering i Finance Innovation.

Medlemmer av ressursgruppa:

- Vibeke Storvik (Sparebanken Norge) - gruppeleder
- Hanne Magnussen (Fana Sparebank)
- Ole Christian Olsson (Mobai)
- Ingvild Erøy (Kakadu)
- Eva Hille (Bergen Kommune)
- Hans Inge Gloppen (Vestland fylkeskommune)
- Christine Wald-Jacobsen (Frende forsikring)
- Inger Urdal (Bergen Kommune)
- June Kristiansen (Tryg)

Kjelde: Håkon Lavik og [Finance Innovation](#)

Språk, økonomi og representasjon avgjer kven som får delta i den digitale kvardagen. Mange tenester er i praksis berre laga for dei som meistarar norsk eller engelsk, har råd til moderne utstyr og kjenner seg igjen i den majoritets-kulturen løysningane er designa for.

Charles A. Ravndal

Å leve med dysleksi i ein digital kvardag betyr at små designval kan bety forskjellen på å få tilgang eller å bli utestengt. Midtstilt tekst, lange tekst-blokker og strenge søke-funksjonar gjer kvardagen vanskeleg. Punktlistar, korte avsnitt, lydopplasing og samandrag kan derimot opna dører. Det som hjelper personar med dysleksi, hjelper faktisk alle.

Jodie Pluijmen

Digitale offentlege tenester er fragmenterte og unødvendig kompliserte. Møtet med skattekort og offentlege innlogging vart eit sjokk. Språkbruken er ofte for vanskeleg, og det manglar nettsider som samlar det viktigaste. Når prosessane blir for tunge, ender mange unge opp med å utsette oppgåvene – sjølv når dei er avgjerande for økonomi og helse.

Maiken og Niklas

Du trenger D-nummer for å få jobb, men du trenger jobb for å få D-nummer. Den norske kulturen opplevast ofte lite inkluderande, og digital inkludering må difor alltid må gå hand i hand med sosial inkludering.

Pernille Haaland

DIGcapabilities: Fostering digital capabilities among youth

Digital teknologi er ein integrert del av kvardagsliva våre, og teknologien spelar ei avgjerande rolle i ulike sider ved arbeidslivet og i tilgangen til velferdstenester. Samstundes manglar vi tilstrekkeleg kunnskap om korleis unge menneske i sårbare livssituasjonar, til dømes dei som står utanfor utdanning, arbeid eller opplæring (NEET), kan nytte digitale verktøy til eigen fordel.

Sjølv om Noreg har ein lågare del unge som verken er i skule, arbeid eller opplæring (NEET) samanlikna med andre europeiske land, har denne gruppa unge i Noreg ein tendens til å oppleve dårlegare psykisk helse og lågare utdanningsnivå. Blant unge som ikkje har fullført vidaregåande opplæring, er innvandrarar overrepresenterte, noko som aukar risikoen for at dei blir verande i ein langvarig NEET-situasjon.

Hovudmålet med DIGcapabilities-prosjektet er å identifisere korleis sosial bakgrunn og faktorar som aukar risikoen for å falle utanfor utdanning og arbeid, påverkar digitale praksisar, strategiar og utfordringar blant denne gruppa ungdom.

Prosjektet vil utforske desse digitale praksisane både innanfor og på tvers av dei sosiale omgjevnadene deira. I DIGcapabilities-prosjektet er det tre sentrale aspekt som blir undersøkt:

- Korleis desse ungdommane tolkar dei daglege digitale vanane sine,
- Digital praksis i samanheng med den daglege dynamikken i familien,
- Samhandlinga deira med velferdstenester gjennom digitale kanalar.

Målet er å utvikle eit rammeverk som kan styrkje forståinga av dei digitale skilnadene som denne gruppa ungdom opplever. Dette vil danne grunnlaget for tilrådingar til offentlege aktørar og avgjerdstakarar om korleis ein kan betre digitale inkludering av desse ungdommane.

Kjelde: [DIGcapabilities: Fostering digital capabilities among youth - Norge](#)

Foto: Ashkan Rouzrokh



DIGcapabilities er finansiert av Norges forskningsråd. Prosjektet er leia av **Gilda Seddighi**, som er forskar II ved NORCE i Bergen.

Seddighi har doktorgrad frå Fakultet for samfunnsvitenskap med tilknytning til både Institutt for informasjons- og medievitenskap og Senter for kvinne- og kjønnsforskning ved Universitetet i Bergen.

Forskinga er i hovudsak retta mot grensefeltet mellom digital teknologi, kjønn, migrasjon og sosial ulikheit, med særleg fokus på korleis digitalisering, algoritmer og kunstig intelligens møter og formar sosial ulikheit og minoritetserfaringar i kvardagsliv, familieliv, arbeidsliv og moglegheiter for inkludering.

Seddighi jobber som ekspert for Europakommisjonen innan digital teknologi, migrasjon og kjønn, og har hatt rolla som mentor for ERC-søkere ved Universitetet i Bergen.

<https://www.interregeurope.eu/digin-europe>

Folkebiblioteka er førstelinje i arbeidet med ungt utanforskap, integreringa av flyktningar, innbyggjarane sine møter med nye digitale tenester, og utfordringar med alt frå bank-id til digital svindel. Biblioteka har også ei nøkkelrolle i arbeidet med å motverka spreiding av desinformasjon som kan svekke den offentlege samtalen og undergrave tilliten i det norske samfunnet. Biblioteka si viktige rolle i samfunnsutvikla er framheva i både den nasjonale digitaliseringsstrategien, og i det nasjonale arbeidet mot desinformasjon.

«Biblioteka er ein del av samfunnet si digitale motstandskraft. Biblioteka rettleiar om kjelder på nettet, om ekte og falske nyheiter og om korleis ein kan skilja mellom gode og dårlege kunnskapskjelder

**Fremtidens digitale Norge –
Nasjonal digitaliseringsstrategi
2024–2030**

«Dei siste åra har det vore retta stadig meir merksemd mot truslar mot demokratiet, som politisk polarisering, digital utanforskap og desinformasjon. Biblioteka skal vere ei motkraft til dette. Biblioteka er ein viktig arena for å auke den kritiske medieforståinga i befolkninga. Denne funksjonen bør styrkjast og gjerast tydeleg.»

**«Strategi for å styrkje
motstandskrafta mot
desinformasjon (2025–2030)»**



Gjev hjelp i den digitale kvardagen

Austevoll er ein geografisk spreidd øykommune med ei aldrande befolkning. Som andre stadar i landet strevar mange eldre med å ta i bruk naudsynnte digitale tenester. Oppgåver som å bestille legetime på Helsenorge eller bruke BankID-tenester er i dag forventa å meistra, men utan nødvendig digital kompetanse vert somme avhengige av familie og vener eller heilt aleine. I ein kommune med spreidd lokalsamfunn kan digital utanforskap òg føre til sosial isolasjon. Austevoll folkebibliotek har etablert to tilbod for å gje innbyggjarane naudsynt digital kunnskap.

Tiltaka

Austevoll folkebibliotek arrangerer saman med Seniornett Austevoll og Frivilligsentralen «Seniorsurf» og «Datahjelp» der dei tilbyr digital opplæring kvar veke to stader i kommunen. Deltakarane får praktisk opplæring i bruk av mobiltelefonar og nettbrett, samt tilgang til viktige offentlege tenester, i eit trygt, tolmodig og støttande miljø. Kursa har blitt populære og Seniorsurf blei besøkt av Norge Rundt hausten 2024, og var hovudsaka i programmet «Seniorar på datakurs». Biblioteket arbeidar no med å laga gode rammar for vidare drift utan at tilbodet skal vere avhengig av enkeltpersonar.

Vegen vidare

Biblioteket skal halde fram satsinga på digital inkludering. I 2025 blei der arrangert 51 kurs og samlingar innan digital opplæring. Tiltaka samla 502 deltakarbesøk. Austevoll kommune får merksemd for arbeidet som blir gjort med digital opplæring, og i 2025 vart to nye prosjekt starta. Gjennom The Europe Challenge har kommunen fått støtte til å vidareutvikla og utvida tilboda. Målet er å lage eit praktisk hefte som kan vere ein modell og inspirasjon for andre kommunar som ønsker å minske det digitale skiljet. Biblioteket er òg med i prosjektet «1. april heile året». I samarbeid med Bibliotekutvikling Vestland og organisasjonen Tenk skal det utviklast modular på nettbrett til bruk i opplæring for å styrke digital kjeldebevisstheit hos eldre. Prosjektet er ferdig til sommaren og skal så vidare ut i andre kommunar.

Kjelder: NRK, [Seniornett](#) og [The Europe Challenge](#).

Foto: Thomas Halleland. Tekst: Odd Harald Opdal

Utviklingssenter for sjukeheim- og heimetenester (USHT) skal styrke kvaliteten i helse- og omsorgstenestene gjennom fag- og kompetanse-utvikling og spreiding av ny kunnskap, nye løysningar og nasjonale føringar. Senteret skal fremja samarbeid med kommunane i fylket. Helsedirektoratet gir årlege føringar for- og tilskot til senteret sin aktivitet.

IT-forum Vest er eit utvida regionalt samarbeid mellom næringsliv, offentlege aktørar og FoU-miljø. Nettverket sitt samfunnsoppdrag er å bidra til berekraftig vekst i Vestland gjennom eit breitt samarbeid om IT i næringsliv, offentlig sektor, utdanning og forskning.

Vestlandsforskning er eit forskingsinstitutt med base i Sogndal og forankring i Vestland. Instituttet utviklar og formidlar tverrfagleg kunnskap for å løyse komplekse samfunnsutfordringar og bidra til ei berekraftig utvikling. Forskinga skjer i samarbeid med regionale, nasjonale og internasjonale fagmiljø.



E-helse og velferdstenester i kommunane

Digital inkludering er ein føresetnad for å lukkast med å ta i bruk e-helse og digitale velferdstenester i kommunane. Vestland fylkeskommune har difor teke med dette som eit sentralt tema i samarbeidet med dei andre regionane i EU.

På heimebane i eige fylke er IT-forum Vest, Vestlandsforskning og Utviklingssenter for sjukeheim og heimetenester Vestland (USHT) viktige samarbeidspartnarar i DiginEurope-prosjektet. Som eit ledd i dette samarbeidet har IT-forum Vest på oppdrag frå Vestland fylkeskommune kartlagt behovet for digital inkludering innan e-helse-området, kva som skjer på dei ulike områda innan velferdstenester, og kva tiltak er viktige. Her kortversjonen:

10-15 % av befolkninga har liten eller ingen digital kompetanse. Det er ikkje nok å ha komplett digital infrastruktur. Det trengs også tilgang til kompetent arbeidskraft for å ta i bruk og utvikle nye digitale tenester. Digital inkludering er nøkkelen til å lukkast, og føresetnaden for at alle i Vestland skal få like moglegheiter til å bruke tenester og tilbod, og ta del i utdanning, arbeidsliv og samfunnslivet elles. Fleire element er viktige for å nå måla om god e-helse:

- **Det trengs eitt breitt samarbeid i heile regionen**
Kommunane og spesialisthelsetenesta må vera med. Utdanning og kunnskapsutvikling må vera med.
- **Det trengs god tilgang til teknisk infrastruktur**
Breiband og mobilnett må på plass og fungere. Teknologien må fungere. Brukarkurs og støtte
- **Kunnskap må utviklast og delast**
Inkludere vidaregåande, fagskular og høgskule. Tenesteutvikling og organisasjonsutvikling er kritisk for reell effekt. Samarbeid med forskning

Vestland fylkeskommune ønskjer dialog og innspel frå dei andre DiginEurope-regionane på korleis vi skal jobba med e-helse og digitale velferdstenester. Når regionane igjen skal samlast i februar har vi med oss følgjande spørsmål:

- Korleis gå frå prosjektinitiativ til varig drift?
- Er det skilnader mellom rurale/avsidesliggjande område og byområde?
- Korleis gå frå dagens målgruppe til andre grupper, som arbeidsledige, innvandrarar og personar med særskilde behov?

<https://www.interregeurope.eu/digin-europe>

Ny nasjonal indeks skal måle digital inkludering i Noreg

I oktober 2025 vart det lansert eit nytt verktøy for å måle kor inkluderande det digitale Noreg eigentleg er - Nasjonal indeks for digital inkludering (DI-indeksen). Indeksen skal vise kvar vi har kome langt, og kvar innsatsen må styrkast for å sikre at ingen blir ståande utanfor i det digitale samfunnet. Indeksen er eit samarbeid mellom Digdir og Nkom.

Eit viktig verktøy for politikken og samfunnet

Indeksen skal vise utvikling over tid og viser i dag data frå basisåret 2023. Indeksen skal oppdaterast med nye data annakvart år. Tal frå 2025 blir publisert i 2026. DI-indeksen skal vere eit nyttig verktøy for alle som jobbar med digital inkludering, og gi innsikt til interesserte innan forskning og media. Indeksen er eit resultat av eit godt samarbeid på tvers. I etableringsåret har særleg Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit (Nkom) vore ein viktig samarbeidspart.

Dette måler indeksen

I DI-indeksen ser vi på kva utfordringar innbyggjarane møter på ulike område som kvar for seg og til saman har avgjerande innverknad på digital inkludering:

1. Tilgang til internett, ikt-utstyr og eID
2. Bruk av digitale tenester
3. Brukarvennlegheit og universell utforming
4. Digital kompetanse og dømmekraft
5. Tillit til teknologi og myndigheiter

Områda inneheld indikatorar som får kvar sin score som måler alt frå teknisk tilgang og brukarvennlegheit til dømmekraft, erfaringar og haldningar. Desse er bygd på faste, årlege datasett frå offentlege undersøkingar gjennomført av SSB, DFØ, HK-dir, Rambøll, Digdir, Uu-tilsynet og Nkom.

Slik skal indeksen brukast framover

Sjølv om DI-indeksen gir verdifull informasjon om situasjonen her og no, er det først og fremst eit verktøy for å måle utviklinga over tid. Dermed kan vi følge med på effekten av tiltaka.

Her er link til [DI-indeksen](https://www.interregeurope.eu/digin-europe)



Tilgang til internett, utstyr og eID

Samla verdi for området er 89.



Digital kompetanse og dømmekraft

Samla verdi for området er 71.



Bruk av digitale tenester

Samla verdi for området er 85.



Tillit til teknologi og myndigheiter

Samla verdi for området er 52.



Brukarvennlegheit og universell utforming

Samla verdi for området er 53.



Kommunen skal vere til for alle – også dei som står på utsida av det digitale. Får vi med dei, får vi med alle andre òg, seier Eva Hille, spesialrådgivar for digital inkludering i Bergen kommune. Foto: Ola Henning Målsnes

Bergen skurrer opp farten på digital inkludering

Med Eva Hille i front byggjer Bergen ei meir systematisk satsing på digital inkludering, frå Innbyggjarservice og bibliotek til nye «inkluderingsdagar» på tvers av offentlege aktørar. Her er hovudpunkta i Bergen kommune si satsing på digital inkludering:

1. Forankre: gjer inkludering til del av overordna planverk og styring.
2. Bygg møteplassar: styrk Innbyggjarservice og bibliotek som lågterskel hjelp.
3. Samspel på tvers: felles dagar, felles språk og felles løysingar med stat og kommune.
4. Design for dei sårbare: enkel navigasjon, klarspråk, universell utforming – først.
5. Lær kontinuerleg: test med brukarar, mål effekt, del og forbedre.

Tekst. Eva Hille og Torbjørn Vinje

Bergen offentlege bibliotek

Prosjekt for å styrke digital inkludering

Bergen Offentlege Bibliotek har fått midlar frå Agenda Vestlandet til eit pilotprosjekt som skal styrke digital inkludering. Prosjektet rettar seg spesielt mot dei gruppene som Statistisk sentralbyrå identifiserer som minst digitale, og som dermed er mest utsett for digitalt utanforskap, dette er særleg lite integrerte unge innvandarkvinner og seniorar. Tanken er å gi målgruppene hjelp til sjølvhjelp ved å gi dei trygghet og ferdigheiter til å meistre digitale tenester i kvardagen. For å senke terskelen, oppsøker vi målgruppene der de er, i samarbeid med andre aktørar. Biblioteket er blant anna på Bergen inkluderingssenter og på Kulturhuset Dankert Krohn kvar veke. Tilbodet består mellom anna av dropp-inn hjelp og datakafé med ulike tema. Pilotprosjektet skal kunne skalerast for å tilpassast andre bibliotek/institusjonar i samfunnet.

Pilot nærttenestesenter i Øygarden

Pilotordninga for nærttenestesenter er eit treårig tiltak (2024–2026) frå Kommunal- og distriktsdepartementet (KDD). Bakgrunnen for utprøvinga er at mange innbyggjarar i distriktskommunar har lang reiseveg til statlege kontor for tenester som krev fysisk frammøte. Samstundes er store delar av tenestetilbodet til staten digitalisert, men bruken av dei digitale tenestene føreset at innbyggjarane har tilstrekkeleg digital kompetanse. Piloten skal difor prøve ut modellar som gjer statlege publikumsretta tenester meir tilgjengelege, utan å endre forvaltningsansvar eller etablere nye statlege arbeidsplassar, og samstundes vidareutvikle rettleiing i digitale tenester.

Utgangspunktet for piloten er å utforske om statlege tenester kan tilbyast på same stad som kommunen sine eksisterande servicetorg eller innbyggjartorg, til dømes ved at etatane møter opp på avtalte stader til faste tider. I tillegg kan piloten omfatte kommunal rettleiing som hjelper innbyggjarar med å ta i bruk digitale offentlege tenester, innanfor rammene av personvernregelverket. Målet er betre tilgjenge, både til tenester som krev fysisk frammøte og til tenester som krev digital kompetanse.

<https://www.interregeurope.eu/digin-europe>

Rapport frå møta i dei lokale nettverka i dei europeiske samarbeidsregionane

Zenica Doboj Canton (Bosnia-Hercegovina)

Diskusjonane i Zenica Doboj Canton viste kor viktig samanhengen mellom digitale ferdigheiter, sysselsetjing og sosial deltaking er. Regionen peikar på store utfordringar i rurale og avsidesliggjande område med låg digital kompetanse og avgrensa tilgang til teknologi. Lokale aktørar etterlyser tilpassa opplæringsprogram, betre tilgang til digitale verktøy og meir kapasitetsbygging gjennom skular, bibliotek, frivillige organisasjonar og ungdomsnettverk. Både unge og eldre blir lyfte fram som sentrale målgrupper.

Bordeaux Métropole (Frankrike)

Arbeidet i Bordeaux handlar særleg om å nå ut til nye målgrupper. Etter eit første møte vart det sett ned ei frivillig fokusgruppe som skal arbeide vidare med korleis dei kan kome i kontakt med personar som normalt ikkje brukar tilbod og digitale hjelp og rettleiing. Ein ekstern ekspert presenterte tidlege funn, og deltakarane delte eigne erfaringar og metodar.

Attica Region (Hellas)

Møtet i Attica hadde som mål å førebu regionens komande fagfellevurdering, med fokus på utfordringa: korleis styrkje tilgangen til arbeidsmarknaden gjennom digital inkludering. Deltakarane diskuterte kva DiginEurope kan bidra til, og korleis lokale organisasjonar kan engasjere seg vidare i arbeidet.

Badajoz Provincial Council (Spania)

Det første møtet i Badajoz var ein god sjanse til å kartleggje eksisterande initiativ og starte bygginga av eit langsiktig samarbeid, både mellom lokale styresmakter og mellom ulike aktørar. Regionen har særleg fokus på utfordringa med digitalt utanforskap blant eldre i rurale område. Neste steg er å formidle resultata frå dei første fagfellevurderingane til den lokale interessentgruppa.

Rzeszow Regional Development Agency (Polen)

Rzeszow valde å gjennomføre ein-til-ein-møter med sentrale regionale aktørar, som regionale styresmakter og sosialtenesta. Samtalane handla om korleis digitale løysingar kan bidra til sosial inkludering, særleg for sårbare grupper, og om å dele eksisterande tiltak som fungerer godt.



Digin Week 2 i Aten

Den neste samlinga med dei regionale partnarane vert 11-13. februar 2026. Vertskap er Attica, som består av hovudstaden Aten med omkringliggjande forstader.

På samlinga skal kvar region presentere eit døme på god praksis i arbeidet med digital inkludering. Her har Vestland fylkeskommune med seg **Odd Harald Opdal** frå Austevoll folkebibliotek. Han skal seia noko om korleis biblioteket samarbeider med Seniornett for å hjelpe eldre med digitale utfordringar.

I løpet av samlinga blir det også presentasjon og fagfellevurdering av planfaglege utfordringar i to av regionane:

Attika: digital inkludering og tilgang til arbeidsmarknaden
Vestland: Digital inkludering knytt til e-helse og velferdstenester

Annette Eri Norevik og Ivar Petter Grøtte – som begge har brei erfaring med digital inkludering, e-helse og velferdsteknologi i Vestland – skal presentere ulike utfordringar sett frå Vestlands perspektiv.

Kvar region skal også presentere korleis ein kan måle digitale forskjellar lokalt for å treffa betre med tiltaka. Her skal **Hans Inge Gløppen** fortelja korleis Vestland fylkeskommune samarbeider med kommunar og telecom-bransje om å få alle husstandane i fylket på nett. Samlinga blir avslutta med styringsgruppemøte og studiebesøk til Attica Digital Literacy Center

<https://www.interregeurope.eu/digin-europe>